

Stiftinga G-Kultur

Årsmelding 2014

1. Konstituerande styremøte 1. mars 2014

På det konstituerande styremøtet var det gjort følgjande valg:

Styreleiar	Nils Kårfald
Nestleiar/sekretær	Kjell Austin
Kasserar	Lars Ole Ørjasæter
Styremedlemmer	Karen Bleken Gard Espeland Knut Hovslien
Varamedlemmer	Jorunn Bleken Bengt Arild Morken

På styremøtet vart diskutert diverse oppfølgjings saker i samband med nedlegginga av Gudbrandsdalslaget i Oslo i oktober 2013.

Det eine spørsmålet gjeld skrivning av Gudbrandsdalslaget si historie frå 1970 og fram til nedlegginga. Dette vart ikkje avklart i 2014.

Eit anna spørsmål var forvaltning av arkiv og egedelar etter laget (sjå punkt 2 nedanfor), herunder soluret frå Skjennungstua. Soluret vart sett opp i 1960 som gave frå Dale-Gudbrand. Ei mogleg framtidig plassering av soluret vart heller ikkje avklara i 2014.

Eit tredje spørsmål var dokumentasjon av musikk-materialet etter Teater G 35+. Dette er eit arbeid som vart påbyrja i 2014.

Det var også ein første diskusjon om retningslinjer for stønad frå stiftinga, denne saka vart utsett til neste styremøte.

Ein viser elles til vedlagte vedtaksprotokoll frå styremøtet. Det var ikkje andre styremøte i 2014.

2. Arkiv og egedelar etter Gudbrandsdalslaget i Oslo

Dette var den viktigaste saka for stiftinga i 2014. Alt det fysiske materialet, med styrepapir, protokollar, lagsaviser, hyttebøker frå Skjennungstua og diverse andre lagsdokument, bilde og fotografi, pokalar og pyntegjenstandar osv. vart gjennomgått og sortert og etter avtale overlevert til Opplandsarkivet, avd. Maihaugen den 9. september 2014. Fana til laget vart overlevert Opplandsarkivet den 7. november 2014. Dessutan vart det oversendt ein del elektronisk arkivmateriale til Opplandsarkivet. Diverse skjønnlitteratur og årsbøker frå Dølaringen vart overlevert til antikvariat i Oslo. I tillegg var det fire kubbestolar frå Skjennungstua, som ein vil finne moglege eigarar til i 2015.

Rapport om arkivarbeidet er vedlagt denne årsmeldinga.

3. Andre saker

Det vart i 2014 ordna med to domenenamn for G-Kultur med tanke på etablering av eiga heimeside for stiftinga. Desse er www.g-kultur.no og www.gkultur.no.

Styret i G-Kultur 2014

26. mai 2015

Knut Hovslien
styreleiar

Kjell Austin
nestleiar/sekretær

Lars Ole Ørjasæter
kasserar

Karen Bleken
styremedlem

Gard Espeland
styremedlem

Nils Kårfald
styremedlem

Vedlegg:

Rapport om arbeidet med det fysiske arkivmaterialet etter Gudbrandsdalslaget i Oslo.

Stiftinga G-Kultur

Vedlegg til årsmelding 2014

Arbeid med det fysiske arkivmaterialet etter Gudbrandsdalslaget i Oslo

Gard Espeland leverte det fysiske arkivmaterialet til Opplandsarkivet ved Marit Hosar 9. september 2014. Dette arkivmaterialet er lista opp nedanfor, men følgjande delar vart ikkje levert:

- *Årbøker og skjønnlitteratur* vart gjennomgått av Kjell Arve Straumsvåg for å finne ut om det var verdifulle bøker til sal som kunne gå inn i kapitalen til G-Kultur. Det var det ikkje, og Straumsvåg fekk bøkene for hjelpe.
- *Lagsfana* vart levert til Opplandsarkivet av Lars Ole Ørjasætger den 7. november.
- *4 stk. kubbestolar.*

Gjennomgang av innhald i arkivkasser 9.7.2014 utført av Lars Ole Ørjasæter og Knut Hovslien:

(Nummereringa viser til nummer på kasser.)

1. Årbøker + noter
2. Guriluren/Negativ og fotografi/Hyttebøker/Bilete/Årbøker/Hyttedokument/Diverse
3. Div. styrepapir/inngangsbilletter i blokk
4. Hyttebøker
5. Styrepapir
6. Styrepapir
7. Eldre dokument: Medlemskort, Guriluren, Jubileumsdokument, Lagsdokument
8. Diplom/ Bilde/ Lampettar/ Åkle/ Gamle bilde i konvolutt/ G-35 T-skjorter
9. Bilde/ Peissett/ Vasar/ Diverse pynt
10. Skjønnlitteratur frå Skjennungstua/ Original Guriluren/avis
11. Historiske dokument
12. Vasar/ Pokal/ Herder/ Peispust/ Primstav/ mv.
13. Pokalar (sølv)
14. Fane i kasse

Bilete:

- I. Skrift/tekst Tor Jonsson
- II. S/K foto Gudbrandsdalen
- III. Trykk (liten verdi)
- IV. Trykk/litografi Edvard Munch
- V. Treutskjæring Troll

4 stk. kubbestolar

1 stk. skilt Skjennungen

Knut Hovslien
18. januar 2015